

Ein kan no søka om lågare pris på SFO dersom husstanden samla har låg inntekt. Ordninga gjeld barn 1. og 2.klasse.

Det blei i juli 2020 innført ny forskrift om foreldrebetaling for SFO.

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2020-07-02-1492>

Du får ikkje automatisk lågare pris på SFO om du har låg inntekt. Du må sjølv søka om å få redusert pris. Ein søker om redusert pris via Visma flyt skule under «søknader». Søknadsskjema vil vera tilgjengeleg i Visma frå 17.august 2020.

Kven kan søkja om redusert foreldrebetaling?

Husstandar med samla brutto årsinntekt under 534 400,- kr kan søka om redusert pris. Ordninga gjeld berre for elevar i 1. og 2. klasse. For elevar i 3. og 4. klasse gjeld ordinære satsar.

Inntekt som blir lagt til grunn

Foreldrebetaling for SFO blir rekna ut frå husstanden si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Ein husstand skal maksimalt betala 6% av si samla inntekt for kvart barn.

Definisjonen på ein husstand er ektefeller, registrerte partnarar eller sambuarar.

To ugifte personar over 18 år som bur saman, og har budd saman i ekteskapsliknede forhold i minst 12 av dei 18 siste månadane, blir rekna som sambuarar.

Om barnet ikkje bur fast hos begge foreldra, er det den av foreldra som har barnet folkeregistrert hos seg som kan søka, og som er den husstanden foreldrebetalinga skal reknast ut frå.

Søknadsfrist

Ordninga med redusert betaling er gjeldande frå 1.august 2020. I skuleåret 2020-2021 vil søknader innan 15.september få tilbakeverkande kraft, og ein prisreduksjon vil gjelda frå 1. august.

For søknader som vert sendt etter 15.september gjeld nasjonal forskrift, og eit vedtak om prisreduksjon vil gjelda frå første heile månaden etter at søknaden er mottatt.

Du kan søka om redusert foreldrebetaling heile året. Eit vedtak om redusert betaling gjeld frå månaden etter at søknad med fullstendig dokumentasjon er mottatt, og gjeld ut skuleåret.

Hugs at du må senda ny søknad for kvart skuleår.

Slik søker du

Sjå til at du har relevant dokumentasjon tilgjengeleg.

Du må leggja med skattemeldinga for førre likningsår for dei vaksne i husstanden. Om inntekta er annleis enn det kjem fram av skattemeldinga, må du og leggja med dokumentasjon som syner dette. Det kan t.d. vera kopi av lønsslipp eller utbetaling/vedtak frå nav.

Du kan legga dokumenta med som digitale filer til søknadsskjema, eller du kan senda kopiar til skulen per post. Skulen kan ikkje behandla søknaden din før me har mottteke dokumentasjon på inntekta til heile husstanden.

Logg inn på Visma flyt skule. Det ligg link på heimesida til skulen.

Vel «søknad», og «redusert betaling søknad»

Kva skjer vidare?

Skulen behandlar søknaden din i samarbeid med økonomiavdelinga i kommunen.

Når søknaden er behandla får du e-post med eit kort svar. I tillegg finn du vedtaket under fana «dokumenter» i Visma. Om søknaden er godkjend, får du informasjon om mykje du skal betala for SFO-plassen.

Om dokumentasjonen er mangelfull eller du ikkje oppfyller kriteria, vil du få eit brev med avslag.